

Håp om at klatreføraren kjem i vår

20.03.2012

Det har trukket ut med den nye klatreføraren for eit av landets beste klatrefjell - Ulvanåso - men uskedalen.no får opplyst i Bergen Klatreklubb at det er eit visst håp om at føraren kjem i vår.
Grunnen til forseinkinga er at den person som skulle ta seg av data-arbeidet ikkje har hatt tid.
Klatrekubben har vore utselt for den gamle føraren i 7-8 år. Den hadde endel feil og manglar.

Over 30 ruter er repetert med tanke på betre topoar og rutebeskrivningar. I tillegg er det gått eit knippe nye ruter. Den nye føraren vil også dekka Eikedalen. Ein av dei som ventar utålmodig på den nye er Tore Staubo,

Han skriv til uskedalen.no
at utan den vil området mista populariteten sin blant klatre- og toppturturistane.
Det vil også skje hvis innstega - det vil seie der sjølv klatringa startar - ikkje blir merka med tusj på fjellet, held Staubo fram.

I heimesida blir det opplyst at jobben er godt på tur, Dei fleste rutene er no lagt inn, men data kan førebels vera noko unøyaktige. Det er 52 ruter og prosjekter på feltet og på heimesida finn ein ein utskriftvennleg versjon av den førebels føraren.

Av Ola Matti Mathisen